

Kommuneplan for Stranda kommune 2019 – 2031



Samfunnsdelen




Foto: Arne Inge Tryggestad

13.02.19K

Vedteke i kommunestyret 13.02.19.

Forord



Stranda kommune er på mange områder ei fantastisk kommune å bu og vekse opp i. Med natur som kan ta pusten frå både fastbuande og tilreisande menneske, er dei ytre rammene noko av det beste som tenkast kan.

Gjennom generasjonar har folk utvikla lokalsamfunna i Stranda til spanande industribygder, til blømande turistmetropolar, og til garantistar for velstelte kulturlandskap.

Framtida vil krevje ein betydeleg innsats frå oss alle for å kunne vidareutvikle desse lokalsamfunna. Det berande elementet i ei levande kommune er folketalsutvikling, gode arbeids- og velferdstilbod og tryggleik i livet for både store og små.

For å kunne nå desse måla er vi avhengige av gode styringsmål og planar. Kommuneplan – Samfunnsdelen er eit slikt reiskap for ny utvikling av vår kommune. Det er difor svært viktig for deg som innbyggjar i Stranda kommune, og aktivt bruke denne planen for å fremme nye tiltak til felles beste i vår eigen kommune.

Ein kan ikkje løyse alle spørsmål gjennom ein plan, men vi kan kanskje gjennom eit enno betre fellesskap skape grunnlag for eit av slagorda som kom fram under eit av folkemøta: **Ei lita bygd i verdsklasse.**

Vil du vere med på ei reise inn i framtida er du hjarteleg velkomen til å vere med på laget!

Stranda, 6.februar 2019

Jan Ove Tryggestad

Ordfører i Stranda kommune

Innhald

Forord.....	3
Innhald.....	4
1. Innleiing.....	5
1.1 Om samfunnsdelen	5
1.2 Nasjonale og regionale føringar	6
1.3 Prosess, organisering og medverknad	6
Prosess	6
Organisering.....	7
Planverkstader i bygdelaga	7
1.4 Verdier og visjon for Stranda kommune	8
2. Status, utviklingstrekk og utfordringar	10
2.1 Bygd- og tettstadutvikling.....	10
2.2 Helse og omsorg	13
2.3 Barn og unge	13
2.4 Samferdsel og infrastruktur	14
2.5 Samfunnstryggleik	15
2.6 Natur og friluftsliv	16
2.7 Kultur, kulturmiljø og idrett.....	16
2.8 Næringsliv og sysselsetting	17
3. Mål og strategiar.....	21
3.1 Innleiing	21
3.2 Bygdeutvikling – Levande bygdelag	22
3.3 Næringsliv – På veg mot ei innovasjonsklynge	29
3.4 Turisme – Vekst gjennom heile året og i heile kommunen i samspel med natur, lokalsamfunn og næring.....	34
4. Kjelder	39

1. Innleiing

1.1 Om samfunnsdelen

Ifølgje plan- og bygningslova skal kommunen ha ein kommuneplan (PBL § 11-1). Denne skal omfatte både samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Vidare seier lova at:


«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.»

Ein kommuneplan er dermed kommunen sin overordna plan og viktigaste styringsverktøy, som skal leggje til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon dei neste 10-12 åra.

Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen både som samfunn og som organisasjon, jf. PBL § 11-2. Samfunnsdelen er derfor eit viktig styringsdokument som legg rammer og føringar for både utvikling av bygdelaga i Stranda kommune og for kommunen sin organisasjon og tenester.

Samfunnsdelen inneheld mål og visjonar som skal ligge til grunn for all planlegging og forvaltning i kommunen, og bør synleggjere viktige utviklingstrekk og hovudmålsettingar for alle sektorane i kommunen. Mål og strategiar i samfunnsdelen skal ligge til grunn ved utarbeiding av handlingsdelen som viser korleis kommunen skal prioritere gjennomføring dei neste 4 åra. Handlingsplanen utarbeidast av kommunen og skal reviderast årleg, jf. PBL § 11-2.

Mål og strategiar i samfunnsdelen skal og ligge til grunn ved utarbeiding av kommuneplanens sin arealdel. Viktige prinsipielle spørsmål som har konsekvensar for arealbruk bør derfor takast i samfunnsdelen.



Figur 1: Illustrasjon av planprosessen og tilhøvet mellom samfunnsdel og arealdel. Kjelde: Miljøverndepartementet.

1.2 Nasjonale og regionale føringar

Eit viktig prinsipp i det kommunale planarbeidet er det skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Nedanfor er ei oversikt over dei mest relevante nasjonale og regionale regelverka og føringane som ligg til grunn for utarbeidinga av samfunnsdelen:



- Folkehelselova
- Nasjonale forventningar til kommunal planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020
- Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi 2015
- Regional delplan for klima og energi 2015-2020
- Regional delplan for folkehelse 2014-2017

1.3 Prosess, organisering og medverknad

Prosess

Stranda kommune har mangla ein kommuneplan etter gjeldande regelverk i lang tid. Kommunen har ein generalplan frå 1975, og ein arealdel som vart revidert i 1992. I planstrategien for Stranda 2016-2019 vart det derfor bestemt at dette arbeidet skulle prioriterast.

Eit samla planprogram for samfunnsdelen og arealdelen var ute på høyring våren 2017. Merknadar vart handsama og planprogrammet fastsett av kommunestyret 18.04.2018. Utarbeidingar av samfunnsdelen starta våren 2018, medan utarbeiding av arealdel vil starte hausten 2019.

Planforslag for kommuneplanen sin samfunnsdel vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden juli-september 2018. Totalt 15 innspel vart motteke frå kommunale, regionale og statlege etatar, samt private organisasjonar og aktørar. Innspela og påfølgjande endringar vart vurdert og utført i arbeidsgruppa og i styringsgruppa, før endeleg planvedtak.

Organisering

Kommuneplanutvalet (KPU) er politiske styringsgruppe i samband med utarbeiding av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen. Administrasjonen valte ei arbeidsgruppe som har vore involvert i utarbeidinga av samfunnsdelen, og som også skal vere med å utarbeide arealdelen av kommuneplanen. I samfunnsdelen har Norconsult vore inne som rådgjevar i arbeidet. Det er kommunalsjef for Plan og utvikling som har hatt ansvaret for framdrifta i planarbeidet.


Arbeidsgruppa i kommunen består av:

- Rådmann
- Kommunalsjef, Plan og utvikling
- Planleggjar, Plan og utvikling
- Kommunalsjef, Helse
- Kommunalsjef, Oppvekst
- Brannmeister
- Personalsjef
- Representant frå ungdomsrådet
- Barnerepresentanten i kommunen

Planverkstader i bygdelaga

I samband med utarbeidinga av samfunnsdelen vart innbyggjarane invitert til planverkstader i dei fire bygdelaga:

- Liabygda 23.4.2018: 28 deltakarar
- Stranda 24.4.2018: 42 deltakarar
- Hellesylt 25.4.2018: 69 deltakarar
- Geiranger 26.4.2018: 39 deltakarar



Føremålet med planverkstaden var mellom anna å få fram kva som er viktig for befolkninga i dei ulike bygdelaga – kva meiningar, idear og tankar dei har rundt korleis Stranda kommune kan utvikle seg i eit langtidsperspektiv. Deltakarane vart bede om å diskutere kva som er bra med kommunen og bygda i dag, kva som ikkje er bra, og korleis kommunen kan bli betre. Møta var ope for alle og vart annonsert gjennom avisa Sunnmøringen, kommunen sin nettside, Facebook og plakatar hengd opp i butikkar i bygdelaga.


Figur 2: Døme på ei positiv tilbakemelding etter planverkstadene.

Det var høgt engasjement og godt oppmøte på alle fire verkstadene, og det kom fram mange gode innspel som veksla mellom overordna prinsipp og verdiar og heilt konkrete forslag til tiltak og løysingar. Deltakarane vart også bedne om å fylle ut eit ark med 3 ord som dei meiner kjenneteiknar kommunen i dag, og 3 ord for korleis dei ønskjer å kjenneteikne kommunen i 2030. Denne øvinga vart nytta som grunnlag i «ordskyer» som viser orda i størrelse etter kva som vart nemnd oftast.

1.4 Verdiar og visjon for Stranda kommune

Medan ordskya som omtalar kommunen i dag viser ei blanding av både positive og negative sider ved Stranda kommune (sjå Figur 6 i kapittel 2), viser ordskya for 2030 ei endring i retning mot dei positive sidene og moglegheitene for framtida.

Det kom også fram fleire viktige verdiar for befolkninga gjennom denne oppgåva. Som ein kan sjå av ordskya i Figur 4 gjeld dette verdiar som tryggleik, inkluderande, innovativ og utviklande, samarbeid og samhald. Sjølv om ordskya på ingen måte er ein fasit på kva befolkninga som heilskap verdset, eller er uttømmmande, gjev den ei peikepinn på at mange ønskjer eit raust og trygt samfunn i kommunen. Dette er verdiar som vil vere sentrale i kommunen framover.



Figur 3: Bilde frå planverkstaden i Liabygda.



Figur 4: Ordskey basert på ord-oppgåve under planverkstaden, kor deltakarane skulle beskrive deira ønskje for Stranda kommune i 2030 med tre ord.



Figur 5: Døme på omtalar av kommunen frå planverkstadene.

I tillegg til ordskeya kom det fram fleire gode sitat og visjonar frå deltakarane som har gjeve inspirasjon til arbeidet med visjon, mål og strategiar i samfunnsdelen (Figur 5). Kommunen har tidlegare nytta ein visjon om å vere ein kommune «til å vere stolt av». Dette speglar mange verdiar og kan overførast til alle tema og sektorområde i kommunen som samfunn og organisasjon. Derfor har kommunen valt å framleis ha dette som ein overordna visjon å jobbe etter.

2. Status, utviklingstrekk og utfordringar

Dette kapitlet tar føre seg status, utviklingstrekk og utfordringar innanfor ulike temaområde i kommunen. Beskrivinga er basert på planar og utgreiingar, statistikk, samtalar med kommuneadministrasjonen og innspel under planverkstadene.

Basert på ord-oppgåva under planverkstadene i april 2018 vart følgande ordskey generert om korleis befolkninga vil omtale Stranda kommune i dag:




Figur 6: Ordskey basert på ord-oppgåva under planverkstaden, kor deltakarane skulle beskrive Stranda kommune i dag med tre ord.

Som det kjem tydeleg fram av ordskeya, og under sjølve planverkstadene, er mange bekymra for økonomien og korleis dette legg ein dempar på moglegheitene for vidare utvikling. Det er derimot også mykje fokus på kva som er bra med kommunen: at den er trygg, har vakker natur og godt friluftsliv, og at ein har eit sterkt og stabilt næringsliv.

2.1 Bygd- og tettstadutvikling


Stranda kommune har hatt eit stabilt folketal dei siste 10 åra, og det er venta at dette vil auke noko fram mot 2030 (Figur 7). Veksten vil vere avhengig av innvandring. Befolkninga i kommunen er konsentrert rundt dei fire bygdelaga: Stranda (kommunesenter), Hellesylt, Geiranger og Liabygda (Figur 8). Medan folketalet på Stranda veks, opplev ein nedgang i dei tre andre bygdene. Dette er ei betydeleg utfordring som får ringverknadar for kommunesamfunnet.

Folketalutvikling, 2000 til 2017 og framskriving til 2030



Figur 7: Folketalutvikling- og framskriving, SSB sine framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) og MMM0 (ingen nettoinnvandring) ligg til grunn. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune 2017 og SSB.


Tettleik av bustadbygg og fritidsbygg Stranda kommune



SSB 2016
1582 bustader ligg i tettbygde strøk (66 %)
798 bustader ligg i spredtbygde strøk (34 %)

Figur 8: Kart som syner tettleiken av bustadbygg og fritidsbygg i Stranda kommune. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune 2017 og SSB 2016.

Innbyggerane i kommunen viser til det gode miljøet i bygdelaga, med stor dugnadsånd og samarbeid. Inndelinga i mindre bygder er med på å skape tilhøyrslø og kjensle av tryggleik og samhold. Oppdelinga



Figur 9: Utklipp av oppgåveark frå planverkstadene.

fører også til utfordringar når det gjeld å sjå kommunen under eitt og skape ei felles forståing og ønskje av korleis kommunen bør utvikle seg. Det er også utfordringar knytt til å etablere kommunale tilbod i alle bygdelag. Befolkninga melder også om at aukeing i turisme påverkar trivselen. Dette gjeld særskilt Geiranger, og spesielt i sommarhalvåret.

Dei fleste innvandrarane i kommunen kjem i dag frå Litauen og Polen. Integrering av både arbeidsinnvandrarar og flyktningar er ei utfordring som må handterast for å sikre at folk buset seg permanent og får tilknytning til staden. Dette gjeld særskild i arbeidslivet, men også i skular, helsetilbod, fritid og andre sentrale arenaer.

Moglegheitene for utbygging og utvikling i bygdelaga varierer og er avhengig av topografi og plassering i høve til andre omsyn. I Geiranger er det ei utfordring at ein ikkje har areal som eignar seg til bustadar som følgje av rasfare og tryggleikssone for flodbølge ved ras frå Åkneset, eller som kjem i konflikt med andre viktige omsyn som landbruk eller kulturminne. Hellesylt slit med den same problematikken når det gjeld ras og bølgesone. Liabygda har flotte tomteområde som er solvendte og er sikra mot både ras og bølge, men ein slit likevel med å få nye tilflyttarar. I tettstaden Stranda manglar ein plangrunnlag for vidare utbygging, men det er potensial for fortetting og utvikling innanfor det eksisterande sentrumet. Mangelen på byggjeklare tomter i dei fleste bygdelaga er ei utfordring som får konsekvensar for moglegheitene til å rekruttere. I tillegg er det i hovudsak berre einebustadar som kan tilbydast, og ein manglar variasjon i bustadtypar som kan føre til at folk kan «prøve-bu» i kommunen før dei kjøpar bustad.

Kommunen har i overkant av 800 fritidsbustadar, dei fleste i tilknytning til Strandafjellet skisenter (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017). Det er framleis etterspurnad etter hyttetomtar, og mange nyttar bustadar sentralt i bygdelaga som fritidsbustader. Dette kan vere eit hinder for å skape liv og samhold i bygdene. Det er generelt ei utfordring å finne nye tomter for både bustader og hyttar som ikkje kjem i konflikt med andre viktige omsyn.

Sentrale utfordringar:

- ❖ Dalande folketal og få barn i bygdelaga utanom Stranda bygdelag
- ❖ Mangel på bustadtomter og bruk av bustader til fritidsbustad
- ❖ Manglande variasjon i bustadtypar
- ❖ Manglande vi-kjensle og oppdeling av kommunen
- ❖ Låg integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar
- ❖ Vanskeleg å oppretthalde alle naudsynte tilbod i alle bygdelag
- ❖ Auka turisme legg press på befolkninga og trivselen i bygdelaga

2.2 Helse og omsorg

På same måte som på nasjonalt nivå, er det venta ei aldrande befolkning og nedgang i delen sysselsette i Stranda kommune framover. Det er rekna at 8,5 % av kommunen sin befolkning vil være 80 år og eldre i 2030 (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017). Sett saman med krav og forventingar om auka kvalitet i helsesektoren utgjør dette ei utfordring for velferda.

Arbeidet med helse- og omsorgsplan i kommunen har vist at det er god dekning på fleire tenester for eldre, og at driftsutgifter i kommunale institusjonar er relativt låge samanlikna med andre kommunar. Befolkninga melder om gode tenester innan helse og omsorg i alle bygdelaga, men etterlyser fleire omsorgsbustader.

For tema helse og sjukdom er plagar og sjukdom knytt til muskel- og skjelettsystem meir utbreidd i Stranda kommune enn på landsbasis (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2015). Når det gjeld levevanar er også overvekt meir utbreidd. Ein opplever også ei auke i ungdom med psykiske lidingar. Kommunen arbeider for å få på plass kommunepsykolog.

Stranda kommune har utfordringar når det gjeld ressursar og rekruttering av riktig kompetanse på helsefeltet generelt. Særleg innan psykiatri og rus at har ein ikkje tilstrekkeleg kompetanse til å handtere utviklingstrekk.

Stranda kommune har teke imot fleire flykningar og har ein relativt stor arbeidsinnvandring frå Aust Europa, og innvandrarpopulasjonen ligg dermed over gjennomsnittet for fylket. Dette har medført utfordringar når det gjeld helseskilnader i befolkninga. Dette er synleggjort i statistikk frå folkehelseinstituttet (FHI, 2017), kor kommunen ligg lågt i vaksinasjonsgrad for meslingar.

Det er også ei utfordring at ein ikkje har betre oversikt over folkehelsestatus i befolkninga, slik at ein veit kor ein skal leggje inn innsats og prioritere ressursar til forebyggjande tiltak. Kommunen har per i dag ingen folkehelsekoordinator.

NAV spelar ein viktig rolle som samfunnsaktør når det gjeld helse, omsorg og sosial. På Stranda-kontoret følgjast brukarane opp på ein heilskapleg måte, og det er mest fokus på dei brukarane som treng mest bistand for å kunne vere i arbeidslivet. Med både intern opplæring og eksterne kurs er det fokus på å forbetre kompetansen i NAV. Utfordringa er at kontoret har få tilsette, samstundes som kapasitetsbehovet aukar mellom anna grunna mottak av flykningar. Ved kommunereform og endra forventningar til NAV sin kontorstruktur, vert det naudsynt med fleire ressursar viss signala om at fleire oppgåver skal tilbake til NAV-kontora vert ein realitet (Stranda kommune, 2017).

Sentrale utfordringar:

- ❖ Auke i delen eldre og mangel på arbeidskraft
- ❖ Manglar når det gjeld nok og riktig kompetanse i helsesektoren og NAV
- ❖ Plagar som følgje av muskel- og skjelettsjukdom og overvekt
- ❖ Helseskilnadar grunna innvandring
- ❖ Dimensjonering av tiltaksnivå for omsorg (omsorgstrappa)
- ❖ Behov for nytt omsorgssenter

2.3 Barn og unge

Folkehelsestatistikken viser at Stranda kommune ligg positivt på fleire indikatorar som er risikofaktorar for barn og unge sine oppvekstvilkår. Talet på barn og unge som bur i husstandar med låg inntekt ligg under landsnivået (FHI, 2017). Likeins er talet på barn med einsleg forsørgjar lågare enn på landsbasis, og i alle bygdelaga vart det meldt om trygge oppvekstmiljø. Kommunen opplev likevel at fleire familiar har dårleg livsmeistring og treng støtte.

Innvandrarar og flyktningar er sårbare for barnefattigdom og sosiale skilnader, og her har kommunen ein høgare populasjon enn på fylkesbasis. Stranda kommune manglar støtteapparat for familiar som treng ekstra hjelp. Forventningane er i aukande grad at skulen skal spele ein større rolle i problema til barn og unge knytt til fritid, familie og livsstil.

Kommunen sin pedagogisk-psykologiske teneste (PPT) organiserer arbeidet med utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Stranda PPT opplev auka arbeidsmengd som fører til venteliste og lang sakshandsamingstid.

Stranda kommune har god barnehage- og SFO-dekning. Ein har også fått gode resultat i kvalitetsundersøkingar i skulane, og det vert rapportert om gode læringsmiljø og trivsel i barnehagar og skular. Når det gjeld lese- og rekneferdigheitene til 5.-klassingane ligg kommunen under landsgjennomsnittet (Stranda kommune, 2017). Ei forklaring kan vere at nokre skular har høg del barn med framandspråkleg bakgrunn, og som treng tid for å lære seg norsk. Denne skilnaden ser ein fell vekk når elevane kjem til 8. klasse. Elevgrunlaget er lite og innebere at ein vil ha store svingingar frå år til år.

Når det gjeld fråfall i vidaregåande skule gjer Stranda kommune det betre enn både landet og fylket med 16% (FHI, 2017). Fråfall i skulen er likevel eit problem for dei det gjeld, og er ei utfordring som skaper sosiale skilnader. Det er mangel på lærlingplassar i kommunen, og gjennom planverkstadene vart det også klart at det manglar lågterskel-tilbod for ungdom i alle bygdelaga.

Medverknad frå barn og unge er ein viktig del av et demokratisk samfunn. Kommunen har ein barnerepresentant som er involvert i plansaker. I tillegg har ein eit ungdomsråd som skal inkluderast i plansaker og andre sentrale saker. Utfordringa ligg i å gje barn og unge reell påverknad på det som skjer i kommunen. Spesielt når det gjeld barn vert dei gjeve få anledningar til å sjølv kome med direkte innspel til kva ønskjer og behov dei har, til dømes i ved utarbeidinga av reguleringsplanar.

Den låge befolkningsveksten får ringverknadar for fleire viktige tenester og aktivitetar for barn og unge. Kommunen har utfordringar når det gjeld å oppretthalde skuler og fritidstilbod. Med få barn i bygdene har ein også få leikekameratar og færre moglegheiter til lågterskel-aktivitetar i nabolaga.

Sentrale utfordringar:

- ❖ Reell medverknad av barn og unge i planarbeid og andre område som vedkjem desse
- ❖ Kapasitet og kompetanse på støtteapparat for barn og unge i kommunale tenester
- ❖ Fråfall i vidaregåande skule
- ❖ Dalande barnetal i bygdene og skulane
- ❖ Manglande lågterskeltilbod for ungdom
- ❖ Behov for rehabilitering av Ringstad skule, og rehabilitering av Sunnylvn skule

2.4 Samferdsel og infrastruktur

Stranda kommune er ein stor kommune med lange avstandar, fjordar og fjell. Dette gjer det kostbart og vanskeleg å planleggje, byggje og vedlikehalde infrastruktur. Vedlikehald av kommunale vegar, vatn og avløp er ei utfordring. Dette forsterkast ved at kommunen i dag ikkje har økonomisk handlingsrom for å løyse ytterlegare store og naudsynte investeringar i tillegg til å skulle dekkje dei aukande utgiftene på drifta.

I dag er det låg pendlingsgrad ut av Stranda kommune. Dette kan delvis forklarast ved høg sysselsetting i kommunen, men det kan også vere fordi det ikkje er eit reelt alternativ for mange å arbeide utanfor kommunen. Det er lang reiseveg til Ålesund og andre byar og tettstader som kan by på fleire og meir varierte arbeidsplassar, tenester og tilbod. Unntaket er Liabygda, som ikkje er avhengig av ferje ved reiser til stader som Ålesund. For Geiranger er det ein heilt annan situasjon, på

grunn av manglande heilårsforbindelse til riksveg 15 i sør, og avhenge av ferje og lang reise på veg for å komme til dei andre bygdelaga i kommunen.

Når det gjeld trafikktryggleik er det eit problem at gang- og sykkelveggar ikkje er etablert langs vegane til viktige målpunkt i kommunen. Generelt har ein større utfordringar ved trafikktryggleiken i sommarhalvåret, når turistsesongen er på topp. Infrastrukturen, særskild når det gjeld Geiranger, er ikkje dimensjonert for dei høge besøkstala om sommaren. Risikoen for ulykker knytt til turisttrafikken er vurdert som høg i kommunen sin ROS-analyse (Stranda kommune 2015, sjå tema Samfunnstryggleik nedanfor).

Stranda kommune har god forsyning av elektrisitet frå vasskraftverka i kommunen, kor det produserast eit overskot av elektrisitet. Nesten halvparten av energiforbruket i kommunen går til industri.

Breibanddekninga i kommunen er ikkje tilfredsstillande med tanke på den rolla internett og digitale løysingar har når det gjeld arbeid, velferdsteknologi og fritid.

Sentrale utfordringar:

- ❖ Aukande etterslep på vedlikehald av kommunale anlegg
- ❖ Manglande breibanddekning i heile kommunen
- ❖ Manglande gang- og sykkelveggar mellom viktige målpunkt
- ❖ Underdimensjonert og manglande infrastruktur for turistsesongen (parkering, veg, gangveg, toalett m.m.)
- ❖ Manglande forbindelsar til ein større bu- og arbeidsmarknadsregion
- ❖ Fullverdig rassikring til Geiranger
- ❖ Ferjefri samferdselsløysing mot Ålesund
- ❖ Tunell Hole – Engeset
- ❖ Ny og utvikla storbåtkai/distribusjonshamn i Stranda tettstad

2.5 Samfunnstryggleik

Risiko- og sårbaranalysen (ROS) som var utarbeida i 2014 og vedteken i 2015, viser at det er fleire potensielle hendingar i Stranda kommune som ligg på eit uakseptabelt risikonivå, og kor risikoreduserande tiltak er naudsynt. Skred frå Åkneset og påfølgjande flodbølgje og øydeleggingar er ei potensiellhending som får særskilt mykje merksemd og der kommunen har jamn og god aktivitet i den kommunale beredskapsorganisasjonen. Sjølv om dei fleste innbyggerane stolar på varslingsystemet er det ei utfordring at folk utanfrå er bekymra for ras og flodbølgja.



Figur 10: Åkneset. Kjelde: Wikipedia.

ROS-analysen peiker også på trafikktryggleik som eit alvorleg risikomoment, særskilt i form av bussulykker i turistsesongen som følgje av mykje trafikk og store skadeomfang ved slike ulykker. Sidan analysen vart utarbeidd har ein sett aukande utfordringar når det gjeld klimaendringar, i form av ekstremnedbør med tilhøyrande risiko for skred og flaum.

Arbeidet med tiltak og beredskapsplan har naudsyn for meir fokus framover, og det er naudsynt å forankre ROS-arbeidet i kommuneplanen. Det er særleg naudsynt med ein betre oversikt og struktur for aktiviteten som kan gjere arbeidet med samfunnstryggleik meir føreseieleg.

Utfordringane innan samfunnstryggleik gjeld i stor grad ressursar og prioritering av tiltak. I ROS-analysen er det ikkje vurdert risikoreduserande tiltak for hendingar som har uakseptabel risiko slik rettleiar for ROS-analysar oppmodar til.

Sentrale utfordringar:

- ❖ Manglande struktur på risikoreduserande tiltak, jfr.ROS- analysa
- ❖ Bekymringar knytt til ras frå Åkneset
- ❖ Planverk for langtidsevakuering i samband med varsel om ras frå Åkneset
- ❖ Aukande risiko for skred og flaum
- ❖ Ikkje tilfredsstillande trafikktryggleik og beredskap, spesielt i turistsesongen
- ❖ Planverk for situasjonen etter eventuelt ras frå Åkneset.

2.6 Natur og friluftsliv

Natur og friluftsliv står sterkt i kommunen, og er ein del av fritidstilbodet og identiteten i befolkninga. Det vakre og dramatiske landskapet trekk også friluftsentusiastar frå heile landet og verda og har gjort Stranda kommune kjend i internasjonal samanheng. Geirangerfjorden er del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Statusen vart tildelt av UNESCO i 2005, og dette har vore ein viktig ressurs for kommunen. Verdsarvstatusen set Stranda kommune i ei særstilling samanlikna med andre kommunar i fylket og landet. Dette byr på både moglegheiter og utfordringar.

Samtidig som turisme er ei viktig kjelde til både inntekter, arbeidsplassar og aktivitet i kommunen, ser ein også at reiselivet fører til forureining av luft og fjord, slitasje på infrastruktur og trong for ny infrastruktur som kan komme i konflikt med ideen om urørt natur. Faren er at det som er tiltrekkande ved Stranda kommune for turistar og tilflyttarar vert øydelagt eller forringa ved trengsel og for mykje tilrettelagt infrastruktur.

Naturen og friluftslivet bidrar til betre folkehelse og trivsel. Det er derfor også ei utfordring at friluftslivet ikkje er like tilgjengeleg for alle.

Sentrale utfordringar:

- ❖ Aukande press på natur, miljø, infrastruktur og friluftsliv ved aukande turisme
- ❖ Luftforureining og utslepp i fjord ved cruiseturisme, samt bilar og bussar på land
- ❖ Mangel på universell utforming som legg til rette for friluftsliv for alle

2.7 Kultur, kulturmiljø og idrett

God tilgang til tilbod for kultur og idrett er viktig i eit helse- og trivselsperspektiv. I Stranda kommune spelar kyrkjer, kulturhus og bedehus ei viktig rolle i kjensla av fellesskap. I Stranda tettstad har ein biblioteket som viktig møteplass og arena, men det likevel utfordringar når det gjeld å få til eit levande sentrum. Ein slit med å få eit tilfredsstillande kulturtilbod på plass grunna ressursmangel i heile kommunen.

Stranda kommune har fleire kulturminne av regional og nasjonal verdi. Dette er noko kommunen og andre aktørar kan spele på innan fleire felt som reiseliv, identitetsskaping, kunnskapsformidling og

friluftsliv. Når det gjeld identitetsbygging har kommunen til dømes kulturminne frå tidleg industrireising i kommunen.

Kommunen har eit godt tilbod innan idrett som i stor grad baserer seg på frivillig arbeid. Det meldast om stor friluftaktivitet, godt miljø og mangfald i aktivitetar. Det er likevel naudsynt med oppgradering av infrastruktur og fasilitetar som kan leggje til rette for meir og variert aktivitet, betre koordinering mellom aktivitetane og trygg tilkomst til idrettshallar, skiløypar og andre anlegg for idrett og fritid. Dugnadsånd og godt samarbeid vert framheva som styrkar i planverkstadene, men det vart også påpeikt at omfanget av denne innsatsen er i endring, og at tilbodet for barn og unge derfor vert mindre pårekneleg.

Sentrale utfordringar:


- ❖ Manglande kulturtilbod som samlingspunkt
- ❖ Manglande infrastruktur som kan styrke det eksisterande tilbodet
- ❖ Ein tendens til lågare engasjement og dugnadsånd

2.8 Næringsliv og sysselsetting


Stranda kommune har eit sterkt næringsliv med høg sysselsetting. Næringsstrukturen i kommunen er nokså lik andre Sunnmørs-kommunar og består i stor grad av maritime næringar, møbelverksemd, ferdigvareindustri og landbruksbasert næringsmiddelindustri (Stranda kommune, 2016). Stranda kommune er også nasjonalt tyngdepunkt for landbruksbasert næringsverksemd og er tyngdepunkt i fylket både innan møbel- og trevareverksemd og fiskeri og havbruk (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2015).

Det vart meldt om manglande gründerverksemd i kommunen og få lærlingplassar i bedriftene under planverkstadene. Dette kan tyde på at ein ikkje utnyttar potensialet for synergieffektar frå det sterke næringslivet.

Kommunen ligg på landsgjennomsnittet når det gjeld tal på innbyggjarar med vidaregåande skule eller høgare utdanning. Utfordringa ligg i å rekruttere tilstrekkeleg og riktig kompetanse til kommunen. Dette gjeld generelt og i både privat og offentleg sektor, men for kommuneorganisasjonen gjeld det særskild innan helse og omsorg.




Figur 11: Sysselsette etter næring og sektor i Stranda kommune, 2016. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune 2017 og SSB.



Figur 12: Utdanningsnivå i Stranda kommune. *Befolkninga er rekna som dei som er 16 år og eldre. Fagskule er inkludert i vidaregåande skule. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune 2017 og SSB.


Ein ser at unge som dreg ut av kommunen for å ta høgskule- eller universitetsutdanning i stor grad ikkje kjem tilbake til heimbygda for å arbeide og etablere seg. Ein får derfor ikkje nytta kunnskapen som har vorte etablert i kommunen gjennom grunnskulesystemet og vidaregåande skule. Å rekruttere desse tilbake til heimbygda er ei utfordring som også heng saman med andre fokusområde i kommunen.



Figur 13: Talet på sysselsette i reiselivsnæringa i Stranda kommune, 2004-2015. *Pga. omlegging av statistikkgrunnlaget er talet for 2015 ikkje samanliknbar med tidlegare år. Kilde: Menon Economics (2017)

Reiselivsnæringa er ein viktig næring som veks i kommunen. Dette ser ein gjennom auke i verdiskaping, overnattingar og opplevingsbasert turisme (Menon Economics, 2017). Reiselivet bidreg også til eit større tenestetilbod til befolkninga, i form av kafé, butikkar og liknande. Stranda skisenter og Geiranger vert opplevd som to av dei største reiselivsikona i fylket både sommar og vinter.

Arbeidsplassane generert av reiselivsnæringa er derimot stort sett i form av sesongbasert arbeid, og bidreg derfor ikkje til stabilitet, samhald og aktivitet i bygdene slik som heilårsjobbar. Særleg i Geiranger er det stor forskjell på aktivitet når ein samanliknar sommar og vinter. Nest etter Bergen er Geiranger den hyppigaste besøkte hamna i Noreg innan cruiseturisme (Menon Economics, 2017). Konsentrasjon av turismen rundt Geiranger legg også stort press på infrastruktur og trivsel, medan andre område i kommunen har kapasitet til, og ønskje om, fleire besøkande.



Figur 14: Verdiskaping i reiselivsnæringa for Stranda kommune i 1000 kroner, 2004-2015. Kjelde: Menon Economics, 2017.

Landbruket er ein viktig arbeidsgjevar som er med på å skape livskraftige bygder, forvalte miljøverdiar, produsere mat og ivareta kulturlandskapet i kommunen. Kommunen har i stor grad dei same utfordringane som i fylket elles: Lav lønsemd, store strukturendringar og stor trong for nye investeringar. Landbruket har også utfordringar med rekrutteringa. Mykje leigejord og meir transport er eit aukande problem.

Sentrale utfordringar:

- ❖ Mangel på tilstrekkeleg og riktig kompetanse i mange offentlege funksjonar
- ❖ Få unge kjem tilbake til kommunen etter høgare utdanning andre stader
- ❖ Sesongbasert arbeid i reiselivsnæringa og andre lokale bedrifter grunna turisme
- ❖ Låg rekruttering og lønsemd i landbruket
- ❖ Ubrukt potensial for synergieffektar, gründerverksemd og utvikling
- ❖ Tilrettelagt, byggeklare og tilgjengelege industriareal/tomter
- ❖ Konkurransmessige kommunale avgifter og kostnadar

3. Mål og strategiar

3.1 Innleiing

Stranda kommune har fleire utfordringar, men det er avgrensa kor mykje ein kan løyse i planperioden med dei ressursane ein har til rådvelde. Kommunen vil gjennom samfunnsdelen vere visjonær og framtidsretta, men også nøktern og realistisk for at arbeidet ikkje vert for omfattande, slik at planar og strategiar derfor i realiteten hamnar i ein skuff. Det har derfor vore ein viktig del av planprosessen å få fram kva som er dei viktigaste satsingspunkta for kommunen i denne omgang, og kva ein kan få til i komande planperiode.

På bakgrunn av dei 8 fokusområda vil kommunen satse på 3 hovudtema. Dette er gjort for å spisse samfunnsdelen inn mot det som er viktigast for kommunen i denne planperioden, og for å skape eit tydeleg plandokument kor ein unngår for mykje overlapp og repetisjonar i strategiane. Dei tre tema er likevel ikkje isolert frå kvarandre, då dei på mange måtar er tre sider av same sak og er gjensidig avhengig av kvarandre for å kunne nå måla i heilskap (sjå figur 15). Til dømes er turisme ein del av næringslivet, og næringsliv er ein del av heilskapen for bygdeutvikling.

Måla og strategiane vil svare på utfordringar innan alle dei åtte fokusområda i førre kapittel. Til dømes er infrastruktur ein føresetnad for både bygdeutvikling, turisme og næringsliv, og ein finn derfor strategiar som gjeld infrastruktur under alle dei tre hovudområda.

Kvart fjerde år skal samfunnsdelen vurderast for rulling, og kan derfor endre fokus i framtida om det vert trong for det. Når ein kjem godt i gang med strategiane gjennom handlingsplanar og delplanar, vil ein også betre kunne vurdere om ein kan utvide omfanget i det arbeidet som skal gjerast.

Måla finn vi ved å stille spørsmålet: «kva vil vi?», medan strategiane skal svare på spørsmålet: «korleis får vi det til?». Måla skal vere målbare, og bør vere realistiske og tidsbestemte. I denne planen vert dette løyst ved å ha delmål som konkretiserer kva som meinast med hovudmåla.

Måla og strategiane, eller svara på spørsmåla ovanfor, skal i sum vere med på å skape ein kommune «til å vere stolt av», som er den overordna visjonen i kommunen.



Figur 15: Illustrasjon av dei tre hovudtema og den overordna visjonen.

3.2 Bygdeutvikling – Levande bygdelag

Hovudtemaet «bygdeutvikling» er eit vidt omgrep som omfattar fleire av fokusområda som er omtalt under fokusområda i kapittel 2. Gjennom innspel til planen i høyringsperioden og planverkstadene kom det fram at innbyggarane i Stranda kommune er opptekne av bygda si, og bekymra for fallande folketal. På grunn av utfordringar knytt til samband mellom dei fire bygdelaga er det ikkje aktuelt for kommunen å berre fokusere satsinga på bygdeutvikling i Stranda sentrum for å møte utfordringar for dei ulike tettstadane i kommunen. Det er ønskjeleg at alle bygdelaga skal vere attraktive stader å bu og arbeide, og målet for dette hovudtemaet vert derfor «Levande bygdelag».

Eit gjennomgåande perspektiv kommunen vil ha fokus på i alle planar er barn og unge. Det er mellom anna viktig for å få fleire unge til å flytte tilbake etter utdanning, ved at dei har opplevd eit triveleg og trygt miljø og å ha blitt teke på alvor medan dei vaks opp i kommunen. Folkehelse for alle er også eit gjennomgåande perspektiv, men vert framheva spesielt i delmål 4.

På grunn av at «Levande bygdelag» er eit omfattande hovudtema, er det naturleg at det er i dette kapittelet dei fleste utfordringane skal handterast, og dei fleste delmåla og strategiane vert fastsett. Delmåla og strategiane under dette hovudmålet svarar heilt eller delvis på følgjande sentrale utfordringar i kommunen:

- ❖ Dalande folketal og få barn i bygdelaga utanom Stranda bygdelag
- ❖ Mangel på bustadtomter og bruk av bustader til fritidsbustad
- ❖ Manglande variasjon i bustadtypar
- ❖ Manglande vi-kjensle og oppdeling av kommunen
- ❖ Låg integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar
- ❖ Vanskeleg å oppretthalde alle naudsynte tilbod i alle bygdelag
- ❖ Auke i delen eldre og mangel på arbeidskraft
- ❖ Plagar som følgje av muskel- og skjelettsjukdom og overvekt
- ❖ Helseskilnadar grunna innvandring
- ❖ Dimensjonering av tiltaksnivå for omsorg
- ❖ Reell medverknad av barn og unge i planarbeid og andre område som vedkjem desse
- ❖ Kapasitet og kompetanse på støtteapparat for barn og unge i kommunale tenester
- ❖ Fråfall i vidaregåande skule
- ❖ Dalande barnetal i bygdene og skulene
- ❖ Manglande lågterskeltilbod for ungdom
- ❖ Manglande gang- og sykkelveggar mellom viktige målpunkt
- ❖ Manglande struktur på risikoreduserande tiltak
- ❖ Bekymringar knytt til ras frå Åkneset
- ❖ Planverk for langtidsevakuering i samband med varsel om ras frå Åkneset
- ❖ Planverk for situasjonen etter eventuelt ras frå Åkneset
- ❖ Aukande risiko for skred og flaum
- ❖ Ikkje tilfredsstillande trafikktryggleik og beredskap, spesielt i turistsesongen
- ❖ Mangel på universell utforming for å leggje til rette for friluftsliv for alle
- ❖ Manglande kulturtilbod som samlingspunkt
- ❖ Manglande infrastruktur som kan styrke det eksisterande tilbodet
- ❖ Ei tendens til lågare engasjement og dugnadsånd

Delmål 1: Folketalet i alle bygdelaga skal stabiliserast og helst auke i planperioden

Vekst i folketalet er sentralt for kommunen sin økonomi og levedyktigheit, og dette må derfor vere eit sentralt mål i samfunnsdelen. Målet har også vesentlege ringverknadar for andre mål og hovudtema, og vil vere avhengig av strategiar innan fleire felt.

Veksten bør skje ved å rekruttere fleire familiar med barn for å skape variasjon i aldersgrupper. Det er også eit ønskje at fritidsbebuarar ikkje okkuperer heilårsbustadar i bygdelagssentera, slik at fastbuande får moglegheit til å bu i nærleiken av kvardagstenester og tilbod.

Korleis får vi eit stabilt folketal?

Å skape vekst i folketalet er ikkje ei enkel oppgåve, men det er fleire konkrete strategiar som kan bidra til at fleire både kan og vil busetje seg i kommunen. Eit sentralt moment er tilgjengelege på bustadar og tomter. Kommunen ønskjer å satse på utbygging og busetnad i dei sentrale delane av bygdelaga heller enn spreidd busetnad i nye område som ikkje samsvarar med rikspolitiske føringar for samordna areal og transportplanlegging. Kommunen ønskjer også å opne for eit mangfald i typen bustadar og leggje til rette for ein fleksibilitet i bustadareal, slik at ein kan bygge etter det som vert etterspurt i framtida.

Andre sentrale strategiar vert å fokusere på rekruttering, spesielt av unge arbeidstakarar som vil etablere seg. Dette kan gjerast gjennom marknadsføring og tilbod om tenester og aktivitetar i alle bygdelaga som kan tiltrekke tilflyttarar. Kommunen vil i denne samanheng fokusere på dei som allereie vil flytte til, eller bli verande i Stranda, men som treng tilrettelegging for å kunne gjere det. Dette kan mellom anna vere språkopplæring i bedrifter, sørge for lærlingplassar, sikre barnehageplass og bustad.

Eit utfordrande tema er buplikt for bustadar som ligg sentralt i bygdelaga. Det er eit problem at fleire bustadar står tomme utanom helgar og feriesesong. Ein ønskjer å unngå spøkelsesbygder, og kommunen vil derfor vurdere buplikt innanfor avgrensa område i bygdelaga.

Strategiar:

1. Leggje til rette for fortetting i bygdelagssentera ved å drive betre sentrumsplanlegging
2. Skape variasjon og fleksibilitet i typen bustadareal ved å finne ut kva som manglar og bruke verkemiddel i plan- og bygningslova
3. Sørge for full barnehagedekning ved å oppretthalde eksisterande tilbod og tilpasse talet sysselsette og lokalar ved eventuell vekst
4. Leggje inn arbeidsinnsats for å skape trivsel og kvalitet i skulane og få betre kunnskap om kva som skal til
5. Satse på rekruttering av unge ved marknadsføring og tilrettelegging av Stranda som attraktiv stad å bu
6. Prioritere å oppretthalde flest mogleg av dei mest sentrale tenestene i alle bygdelag
7. Vurdere buplikt innanfor definerte senter-grenser i bygdelaga
8. Koordinere offentlege investeringar knytt til bustadbygging ved å vurdere økonomiske verkemiddel og investeringar i mellom anna infrastruktur

Delmål 2: Stranda kommune skal få ei større «vi-kjensle»

Kommunen er opptekne av at alle i kommunen, uavhengig av bygdela, alder, etnisitet og utdanning, skal kunne føle at dei er ein del av kommunen og at dei er med på å forme utviklinga. Dette krev ei kjensle av felles ansvar, dugnad og inkludering – eller ei «vi-kjensle», som det vart påpeika i planverkstadene.


Korleis får vi ei større «vi-kjensle»?

Eit mål om å få ei slik kjensle er mindre konkret og derfor vanskeleg å måle. Ein kan til dømes seie at fleire skal snakke om kommunen som ei samla eining i diskusjonar på regionalt nivå, at arbeidsinnvandrarar og flyktningar skal integrerast betre, og at fleire skal vere med i frivillige dugnadsaktivitetar. Sjølv med slike presiseringar vert det ei utfordring å vite om målet nåast i løpet av planperioden.

Det er mange måtar å jobbe for ei kjensle av samhold og eit inkluderande samfunn, og mykje er avhengig av befolkninga. Kommunen som organisasjon kan involvere seg i ulik grad, og tek i denne strategien ei rolle som fasilitator og «heia-motor», og som kan etablere arenaer for samhold og anerkjenne den innsatsen som vert gjort av innbyggjarane. Fokuset på ein slik strategi er valt fordi kommunen er av ei oppfatning av at eit raust og varmt samfunn ikkje kan kome ovanfrå og ned, men må skje gjennom handling og initiativ frå befolkninga.

Dugnad og frivilligheit vart framheva som allereie positive sider med kommunesamfunnet i dag, men utfordringa ligg i å oppretthalde nivået og inkludere innvandrarar med eit anna forhold til slikt arbeid. Hjelp frå fond og støtteordningar frå privat og offentleg side (både nasjonalt og lokalt) er kunnskap kommunen kan bidra med å få ein oversikt over og formidle.

I tillegg kan kommunen vere meir aktiv i utarbeidinga av ein felles visjon og bygge på det som Stranda kommune er kjend for, for å skape stadidentitet og stoltheit. Eit døme på ein arena der «vi-kjensla» kan styrkast er grunnskulen. Kommunen har også eit ansvar når det gjeld å legge til rette for at alle skal inkluderast i arbeidet med å få til «vi-kjensla», som til dømes eldrerådet og råd for funksjonshemma.



Figur 16: Innspel under planverkstadene.

Strategiar:

1. Arbeide målretta mot betre integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar ved å få betre kunnskap om tiltak og tilrettelegging
2. Arrangere kulturelle lågterskel-arrangement for heile kommunen i alle bygdelaga
3. Planleggje uformelle møteplassar i kvart bygdela med fokus på universell utforming
4. Utarbeide ein felles visjon for kommunen
5. Bygge på merkevara «Stranda», som heile Noreg kjenner
6. Barn og unge skal kunne påverke eigen kvardag ved at Ungdomsrådet og barnerepresentanten vert inkludert i alle plansaker
7. Medverknadsopplegg skal tilpassast betre for barn og unge ved større planar
8. Anerkjenne og synleggjere verdien av frivilligheit og dugnad ved å mellom anna lage og gjere tilgjengeleg ein oversikt over relevante fond og støtteordningar ein kan søke på.

Delmål 3: Stranda skal vere ein trygg og sikker kommune

For at fleire skal ville bu og bli buande i Stranda kommune, er det viktig at folk føler seg trygge. At Stranda skal vere ein trygg kommune handlar om kjensla av tryggleik, medan å vere ein sikker kommune handlar om realiteten av at ein faktisk er trygg.

Stranda kommune er i ei særstilling når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap på grunn av risiko for skred frå Åkneset med påfølgjande flodbølge, samt fare for skred andre utsette plassar. Kommunen har derfor valt å bruke dette for å utvikle seg som ei føregangskommune innan tryggleik.

Korleis vert vi ein trygg og sikker kommune?

Sentralt i strategiarbeidet for tryggleik er fokus på samfunnstryggleik og risikoreduserande tiltak. Ein vil her utnytte fordelane ved å ha eit nasjonalt beredskapssenter betre, og snu risikobiletet i kommunen til noko positivt ved at Stranda skal verte ein ledande kommune som andre kan sjå opp til innan samfunnstryggleik.

Strategiar:

1. Auke kompetanse og fokus på beredskap ved å utnytte tilknyttingen til nasjonalt beredskapssenter
2. Prioritere oppfølging av ROS-analyse gjennom fokus på risikoreduserande tiltak
3. Vurdere tiltak for rassikring på utsette vegstrekningar
4. Utarbeide og synleggjere lettfatteleg informasjon om evakueringsrutinar og beredskap når det gjeld Åkneset
5. Leggje innsats i utarbeidinga av ein trafikktryggleiksplan og prioritere tiltak
6. Forankre visjon om null hardt skadde eller drepne i trafikken i alt planarbeid i kommunen

Delmål 4: Stranda skal vere ein sunn og helsefremjande kommune

At kommunen er sunn og helsefremjande handlar både om god folkehelse og trivsel, samt tenester og tilbod som tek vare på folk når dei treng det. I denne samanheng handlar ein sunn kommune også om klima og miljø. Dette for å vere med på laget i nasjonale og internasjonale mål om å forhindre klimaendringar og redusere forureining, men det har også direkte påverknad på lokal forureining og helse lokalt.

Korleis vert vi ein sunn og helsefremjande kommune?

Føresetnader for god folkehelse skapast gjennom fleire sektorar, og påverkar kvarandre. Kommunen ønskjer å ha fokus på dette, og har derfor valt å ha eit eiga delmål for dette, sjølv om strategiar og tiltak knytt til dette temaet ikkje er avgrensa til dette delmålet. Strategiane konkretiserer kva kommunen meiner i dette delmålet, men det er også andre delmål og strategiar i samfunnsdelen som heng saman med dette, og lista her er derfor ikkje uttømmende. Folkehelse er eit gjennomgåande tema for heile planen.

Trivsel er eit viktig tema som påverkar folkehelsa. Levande bygdelag med fokus på samhald, inkludering og aktivitetar og arrangement opne for alle er ein føresetnad for dette. Biblioteket kan spele ein større rolle i eit strategisk arbeid, ved at dette er ein møteplass som kan bidra til å bygge ned digitale, sosiale og kulturelle skilnadar, og bygge opp under inkludering og medverknad.

Når det gjeld helseskilnadar i befolkninga er det viktig at alle kan bevege seg og vere i aktivitet, og at ein har kunnskap om helse og kva tilbod ein har tilgang til. Derfor vil tiltak som gjer kvardagsaktivitet mogleg, som infrastruktur for gåande og syklende, samt lågterskeltilbod, og tilrettelagde turvegnett i eigna naturområde nær bustadområde vere viktige satsingspunkt. Det er avgrensa kva kommunen kan bidra med av økonomiske middel, men det er høve for bistand til prosjekt frå regionale og nasjonale hald viss ein posisjonerer seg og sørgjer for at tilhøva ligg til rette for utbygging av infrastruktur. Plangrunnlag og utgreiingar vil derfor vere viktig.

Helsestasjon og skulehelseteneste er viktige tilbod innan helse for barn og unge. Eit større fokus på dette vil kunne lette utfordringane skulane har i møte med elevar som slit på mange livsområde samtidig.

For å kunne gå nærare inn på kva tiltak kommunen kan gjere innan folkehelse og forebyggjande tiltak for alle, vil ein vurdere å gjenetablere ein folkehelsekoordinator i kommunen. Dette er ein strategi som kan gje ringverknadar og meir fokus på temaet generelt i dei ulike sektorane. I tillegg skal det utarbeidast folkehelseoversikt, slik at tiltak kan prioriterast der det er størst trong.

Ei sentral utfordring er å få riktig kompetanse innan helsesektoren, slik at tilbodet vert så godt som mogleg. Kommunen vil derfor også prioritere utarbeidinga av ein kompetanseplan for å bidra til kompetanseløft i kommunen.

Strategiar:

1. Satse på informasjonsarbeid om helsetilbod retta mot arbeidsinnvandrarar og flyktningar for å redusere helseskilnader
2. Sørge for at fleire kan gå og sykle i kvardagen gjennom å
 - a. Sikre infrastruktur for mjuke trafikantar gjennom planarbeid og posisjonere seg i arbeidet med Regional transportplan,
 - b. Plassere nye bustadområde og kvardagsaktivitetar i nærleik til eksisterande tilbod, tenester og infrastruktur
3. Auke talet omsorgsbustadar gjennom å sikre areal eigna til dette
4. Auke fokuset på universell utforming i plan- og byggesaker
5. Vurdere gjeninnføring av folkehelsekoordinator
6. Kommunen skal utarbeide folkehelseoversikt for å få betre kontroll på kor ein bør prioritere innsats og tiltak
7. Utarbeide kompetanseplan for å få eit kompetanseløft i helsetenestene
8. Fortsetje arbeidet med å innføre kommunepsykolog
9. Ha fokus på skulehelseteneste ved å vurdere tilbodet og trong for endringar
10. Etablere lågterskeltilbod for ungdom i kommunen
11. Nytte biblioteket som kultur- og aktivitetssenter ved å invitere til opne arrangement
12. Kartleggje turløyper og vurdere kva som kan og bør utformast universelt
13. Gjennomføre reisevaneundersøkingar på dei største arbeidsplassane og oppfordre til endring gjennom haldningskampanjar
14. Redusere klimautslepp, forureining og miljøskadar ved å stille krav til miljøvennlege metodar, utstyr og produkt ved innkjøp av tenester i kommunen

Føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

Fleire av måla og strategiane ovanfor legg føringar for kva som skal følgjast opp i utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel. Dei mest sentrale føringane er lista opp under.

I utarbeidinga av arealdelen skal kommunen:

- ... definere sentergrenser i bygdelaga
- ... setje av areal til bustadføremål innanfor konsentrerte område rundt bygdelagssentera
- ... skape fleksibilitet og variasjon i typen bustadareal gjennom føresegn og arealføremål.
- ... vurdere rekkefølgekrev om infrastruktur for gåande og syklende ved utbygging av nye bustadområde
- ... utarbeide gode medverknadsopplegg for barn og unge
- ... vurdere fare- og omsynssoner for skred, flaum og bølge
- ... definere friluftsområde som kan tilretteleggjast for lågterskel friluftsliv nær bustadområde.

3.3 Næringsliv – På veg mot ei innovasjonsklynge

Heilt sentralt for at folk skal busetje seg i Stranda kommune er tilgangen på arbeidsplassar som er stabile og interessante. Det er viktig at folk får nytte kompetansen sin og trivst i arbeidet. Næringslivet i Stranda er noko som vart løfta opp gong på gong under planverkstadene, og som statistikk kan bekrefte er ein styrke i kommunen. Kommunen har likevel utfordringar knytt til at mykje av sysselsettinga er innan einsarta sekundærnæringar som ikkje er knytt til Stranda gjennom geografiske føresetnadar og dermed er utsett for endringar marknad og konkurransetilhøve.

Det ligg mykje potensial i å ha eit sterkt næringsliv innan matproduksjon og næringsmiddelindustri, både når det gjeld utviklinga av nye bedrifter og arbeidsplassar, kompetanse, innovasjon og identitets- og merkevarebygging. Kommunen vil derfor satse meir på dette i tida framover, med målet om å vere «på veg mot ei innovasjonsklynge». Ein vil med dette dyrke innovasjonskultur og satse på utvikling i eksisterande og av nye bedrifter. Dette gjeld særleg innan matproduksjon og næringsmiddelindustri, som det var påpeikt i delmål 3.

Delmåla og strategiane under dette hovudmålet svarar heilt eller delvis på følgjande sentrale utfordringar i kommunen:

- ❖ Dalande folketal og få barn i bygdelaga utanom Stranda bygdelag
- ❖ Auke i delen eldre og mangel på arbeidskraft
- ❖ Mangel på tilstrekkeleg god og rett kompetanse i helsesektoren og NAV
- ❖ Manglande breibanddekning i heile kommunen
- ❖ Manglande forbindelsar til ein større bu- og arbeidsmarknadsregion
- ❖ Mangel på tilstrekkeleg og riktig kompetanse i mange offentlege funksjonar
- ❖ Få unge kjem tilbake til kommunen etter høgare utdanning andre stader
- ❖ Sesongbasert arbeid i reiselivsnæringa og andre lokale bedrifter grunna turisme
- ❖ Låg rekruttering og lønsemd i landbruket
- ❖ Ubrukt potensial for synergieffektar, gründerverksemd og utvikling

Delmål 1: Stranda kommune skal legge til rette for ein variert arbeidsmarknad

Ein variert arbeidsmarknad vil kunne styrke attraktiviteten av Stranda som både bu- og arbeidskommune. Det handlar både om at Stranda kommune skal vere betre rusta ved større endringar, og om å kunne tiltrekke seg eit mangfald av arbeidstakarar.

Delmålet handlar både om å skape nye bedrifter og arbeidsplassar, men også om å behalde viktige arbeidsplassar som ein mellom anna finn i eksisterande hjørnesteinsbedrifter innan møbel og næringsmiddel.

Korleis legg vi til rette for ein variert arbeidsmarknad?

Å invitere nyetableringar til Stranda kommune heng saman med attraktiviteten til kommunen som buplass, og dermed også med strategiane under hovudtemaet, bygdeutvikling. Det er også konkrete strategiar som kan vere satsingspunkt for kommunen som rettar seg mot gründerar.

Plan- og bygningslova er eit verktøy kommunen kan nytte aktivt for å skape rom for etablering av meir næringsverksemd, til dømes gjennom planføre mål og føresegn. I tillegg har kommunen høve til å leggje føringar for «Landbruk Pluss», altså tilleggsnæringar til landbruket som ikkje strid med landbruksføre målet i plan- og bygningslova. Dette er eit reiskap kommunen i større grad ønskjer å nytte i kommande planperiode, og ligg derfor sentralt i strategien.

Strategiar:

1. Leggje til rette for oppstart av fleire bedrifter og gründerverksemd i kommunen gjennom å tilby lokalar og infrastruktur
2. Vere oppstarts- og gründervennleg kommune ved å prioritere rask handsamingstid for nye næringsetablerarar
3. Skape variasjon i næringsareal gjennom ulike størrelse, plassering og type for å skape mangfald
4. Halde landbruket i hevd og rekruttere fleire til sektoren ved å leggje til rette for tilleggsnæringar i landbruket
5. Ivareta og oppretthalde eksisterande hjørnesteinsbedrifter og nytte synergieffektar av dette gjennom samarbeid mellom desse og nye bedrifter

Delmål 2: Stranda skal vere ein attraktiv arbeidskommune og kommunen skal vere ein arbeidsgjevar med høg kompetanse

Stranda kommune skal vere ein viktig del av eit regionalt bu- og arbeidsmarknad. Stranda kommune ønskjer å ha kompetente og dyktige fagfolk i alle sektorar og næringar, for å mellom anna sikre kvalitet i kommunale tenester og økonomisk vekst og innovasjon i privat sektor. Kommunen vil også som organisasjon satse på kompetanseheving for å løfte kommunen som ein attraktiv og utviklande arbeidsplass.

Korleis vert vi ein attraktiv arbeidskommune og arbeidsgjevar?

For at folk skal velje å satse på Stranda som kommune å bu og arbeide i vil god infrastruktur vere sentralt. Breibanddekning er eit døme på slik infrastruktur. Her er det økonomiske avgrensingar når det gjeld kva kommunen kan bidra med og leggje til rette for. Det finns derimot høve for økonomisk stønad nasjonalt og regionalt som ein kan jobbe meir målretta inn mot. Eit anna døme er heilårssamband, som er særskilt viktig for Geiranger.

I tillegg kan ein bruke fleire ressursar på marknadsføring av det som er unikt med Stranda kommune, og korleis ein kan kombinere arbeid med å opphalde seg i vakre omgjevnadar. «Fjord-kontor» med høve for fjernaksess er eit slikt døme. Marknadsføring handlar i denne samanheng om andre ting enn kampanjar, som å gjere god informasjon tilgjengeleg gjennom betre informasjonskanalar, og inkludere ulike framandspråk.

Strategiar:

1. Betre samband mellom Stranda og omkringliggjande tettstadar
2. Gjere seg synleg og posisjonere seg i arbeidet med Regional transportplan ved å:
 - a. Synleggjere trong og potensial for betre forbindelsar og heilårssamband til Geiranger
 - b. Prioritere dei mest samfunnsnyttige prosjekta i kommunen
3. Marknadsføre kommunen som ein attraktiv kommune å arbeide i
4. Marknadsføre kommunen som ein attraktiv stad å bu ved å fokusere på natur, tryggleik og samhald
5. Målretta arbeid inn mot søknadar om stønad til breibanddekning for heile kommunen
6. Satse på kompetanseheving i kommunesektoren for å auke attraktiviteten til kommuneorganisasjonen som arbeidsplass

Delmål 3: Stranda kommune skal utvikle ein betre innovasjonskultur og identitet med mat i fokus

Stranda kommune skal ha eit allsidig og utviklingsbasert næringsliv med god kontakt opp mot utdanningsinstitusjonar. Det er ein ambisjon at Stranda kommune skal utvikle seg i retning av ei innovasjonsklynge innan matproduksjon, men dei positive ringverknadene det kan føre med seg. Dette skjer ikkje på éin dag, og vil vere avhengig av tett samarbeid mellom det offentlege og private, og krev ressursar. For å skape engasjement og eigarskap til utviklinga, vert ei samla merkevare og identitet viktig.

Korleis utviklar vi innovasjonskultur og identitet med mat i fokus?

For å få til ein betre innovasjonskultur må ein auke kunnskapen om innovasjonsklynger og bevisstgjere dei aktuelle aktørane om konkurransefortrinnet på lang sikt ved å samarbeide og dele kunnskap og erfaring. Det er slik ein skapar kultur og støtte for å teste og nytte nye metodar og løysingar. Her kan kommunen vere eit bindeledd i større grad enn i dag, og vere ein synleg samarbeidspartnar. Kommunen vil dermed fungere som ein pådrivar, men dei viktigaste aktørane vil vere bedriftene. Det er derfor naudsynt at desse får eigarskap til arbeidet, til dømes gjennom arbeid med merkevare for Stranda kommune.

For å setje Stranda kommune på kartet og skape motivasjon til utvikling vil kommunen satse på etablering av ei Stranda-merkevare med fokus på mat (inkludert sjømat), sidan kommunen allereie har andre merkevarer som heile Noreg kjenner. Ei geografisk merkevare kring mat og næringsmiddel kan bidra til å skape stadidentitet og stoltheit, og er derfor også ein måte å jobbe mot delmålet om ei «vikjensle», som nemnd tidlegare.

For å få til ein skikkeleg klynge-effekt på sikt er det også naudsynt å ha tilknytning til utdanningssystemet. Etablering av lærlingplassar og samarbeid med matlinja på vidaregåande skule kan vere aktuelt. På lengre sikt kan ein også kople seg til høgare utdanningsinstitusjonar i regionen.

Strategiar:

1. Etablere betre kontakt mellom kommune, næringsliv og utdanning ved å invitere til ideverkstader i kommunen
2. Fokuserer på samarbeid som eit konkurransefortrinn ved å auke kunnskapen om innovasjonsklynger
3. Skape kontakt og forbindelsar til utdanningsinstitusjonar i heile regionen ved å invitere regionale aktørar til ideverkstad i Stranda kommune
4. Kople landbruk, sekundærnæringsbedrifter og utdanning betre saman ved å satse på mat som merkevare
5. Vere pådrivar for å skape fleire læringsplassar i bedriftene ved å vurdere insentivordningar
6. Jobbe målretta med merkevara «Stranda» som kan marknadsførast samla, ved å bygge på merkevarene som heile Norge kjenner

Føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

Fleire av måla og strategiane ovanfor legg føringar for kva som skal følgjast opp i utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel. Dei mest sentrale føringane er lista opp under.

I utarbeidinga av arealdelen skal kommunen:

- ... kartleggje område eigna for næringsareal
- ... setje av areal til næring og service i tilknytning til bustadareal
- ... vurdere føresegn som opnar for tilleggsnæringar i landbruket

3.4 Turisme – Vekst gjennom heile året og i heile kommunen i samspel med natur, lokalsamfunn og næring

Stranda er ein heilt spesiell kommune på grunn av verdsarvstatusen som trekk til seg turistar frå heile verda. Den store mengda besøkande til Stranda kommune kvart år verkar som eit tveegga sverd. Turisme er ein viktig arbeidsgjevar og aktivitetsskapar i kommunen. Samtidig fører den til trengsel og forstyrringar i turistsesongen om sommaren, spesielt i Geiranger. Utan inngrep vil turismen kunne forringe infrastruktur, trivsel og natur, og dermed motarbeide mål om at fleire skal ville bu der. Det vil og kunne føre til urørt natur som trekkplaster vert øydelagt av forureining og kaos, og at Stranda kommune dermed ikkje vert eit like attraktivt reisemål i framtida.

Dette er bakgrunnen for at kommunen har eit ønskje om framleis vekst i næringa, men at den skal skje på ein berekraftig måte, med målet «Ein harmonisk vekst for både natur og samfunn». Dei to delmåla under heng tett saman og overlappar derfor kvarandre.

Delmåla og strategiane under dette hovudmålet svarar heilt eller delvis på følgjande sentrale utfordringar i kommunen:

- ❖ Auka turisme legg press på befolkninga og trivselen i bygdelaga
- ❖ Aukande etterslep på vedlikehald av kommunale anlegg
- ❖ Underdimensjonert og manglande infrastruktur for turistsesongen (parkering, veg, gangveg, toalett m.m.)
- ❖ Ikkje tilfredsstillande trafikktryggleik og beredskap, spesielt i turistsesongen
- ❖ Aukande press på natur, miljø, infrastruktur og friluftsliv ved aukande turisme
- ❖ Sesongbasert arbeid i reiselivsnæringa og andre lokale bedrifter grunna turisme

Delmål 1: Verdsarvkommunen Stranda skal ha eit meir attraktivt og variert reiseliv

Folk i Stranda kommune er stolt over verdsarvstatusen og den slående vakre naturen i kommunen. Det er flott når folk frå heile verda kjenner til staden du bur i eller er i frå. Kommunen ønskjer derfor å bevare attraktiviteten slik at ein får besøkande i framtida også, mellom anna slik at befolkninga kan fortsetje å skryte av heimlassen. Det vert derfor sentralt å sørge for at turismen ikkje skapar negative konsekvensar for naturen, kulturminne og det særeigne ved bygdene.

Korleis får vi eit meir attraktivt og variert reiseliv?

Vekst i turismen betyr ikkje automatisk vekst i talet besøkande. Kommunen vil satse på kvalitetsturisme og å auke verdiskapinga framfor å auke talet på turistar som kjem kvart år. Derfor har kommunen valt ein strategi som legg betre til rette for dei som kjem, slik at natur og infrastruktur ikkje forringast av turistmengda. Kommunen vil også redusere dei negative konsekvensane av mange besøkande ved å informere om miljø og kva ein må ta omsyn til. Dette har ein valt framfor å aktivt redusere eller avgrense turismen med konkrete, restriktive tiltak.

Ein vil også satse på betre bruk av ressursane i heile kommunen ved å gjere fleire stader til heilårs reisemål. Dette vil også vere med på å spreie trafikken og trengselen geografisk, då det per i dag er mykje trykk i nokre få område. Stranda skisenter er eit viktig reiselivsikon i fylket, og gjer kommunen til eit populært reisemål også om vinteren. Heile kommunen har også gode friluftslivstilbod på vinterstid. Det er også ønskjeleg å forsterke og framheve kommunen sin eigenart innan fleire område enn natur, spesielt innan kultur og industriarv. Hytteturismen er også viktig, både økonomisk og med tanke på at det skapar aktivitet. Kommunen ønskjer derfor ein vidare vekst i talet på fritidsbustadar, men at denne veksten skjer på ein kontrollert måte gjennom arealdelen og andre arealplanar.

Ein berekraftig vekst er mogleg, men krev ein innsats og aktiv deltaking frå kommunen. Det krev også godt samarbeid mellom fleire aktørar, og ei samla turiststrategi som kan vere med på å løfte heile kommunen som reisemål og som skapar positive ringverknadar for samfunnet. I ein slik turismestrategi vil føringar og prioriteringar i samfunnsdelen leggst til grunn i kommunen sin innsats i eit slikt arbeid, men ein vil også vere avhengig av fleire aktørar i både privat og offentleg sektor.

Det er utarbeidd ein masterplan for Geiranger. Det vert viktig for kommunen å integrere mål og strategiar frå denne masterplanen inn i vidare handlingsplanar, sektorplanar og kommune(del)planar.

Strategiar:

1. Auke turismen i heile kommunen i lav- og skuldersesong
2. Auke fokuset på kulturminne og industriarv som identitetsskaparar og attraksjonar
3. Oppfordre til miljøvennlege val ved reise til Stranda kommune og informere om avgrensingar når det gjeld kapasitet på infrastruktur
4. Støtte etablering av eit digitalt verktøy for opplevingar i kommunen, i samarbeid mellom offentlege og private aktørar
5. Utarbeide turismestrategi i samarbeid med aktuelle aktørar
6. Stille krav til reinare teknologi for cruiseskip og større køyretøy
7. Ei styrt utvikling av eksisterande og nye hytteområde i kommunen

Delmål 2: Minimere konflikt mellom lokalbefolkning og turisme

Som nemnd tidlegare er det ein fare for at det som er attraktivt ved Stranda kommune som reisemål vert forringa ved for mykje turisme og trengsel. Å fokusere meir på lokalbefolkninga er ikkje berre bra for dei lokale, men også for eit langsiktig og berekraftig reiseliv.

«Ein god stad å bu er også ein god plass å besøke»

Sosialantropolog Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB)

Samtidig som ein framleis ønskjer å tiltrekke seg besøkande, er det viktig at det ikkje når eit punkt kor det å leve og trivast i Stranda kommune vert ei utfordring. Det vil i så fall kunne komme i konflikt med målet om auke i folketal i alle bygdelaga, viss det ikkje lenger vert attraktivt å bu i dei mest utsette områda. Eit sentralt delmål for kommunen er derfor å finne ein balanse mellom omsynet til dei som bur der og dei som kjem på besøk.

Det er særskilt i Geiranger at denne problemstillinga er gjeldande, og det er her det er trong for eit spesielt fokus. Lokalbefolkninga melder om trengsel og ofte kaos i sommarmånadene, og utrivelege tilhøve som følgje av manglande fasilitetar for dei besøkande.

Korleis minimerer vi konflikt mellom lokalbefolkning og turisme?

Å minimere konfliktar mellom turisme og lokalbefolkning er ei utfordring allereie i dag, og ein må derfor finne gode løysingar som svarer på dagens situasjon. Delmålet heng tett saman med strategiane ovanfor om kvalitetsturisme og betre utnytting av heile kommunen. Som nemnd vil kommunen satse på auke i verdiskapninga framfor auke i talet besøkande. Dersom talet på besøkande likevel aukar, må ein også ha strategiar for korleis ein skal takle dette.

Ein ønskjer ikkje å danne eigne turist-område distansert frå lokalbefolkninga, men det er nokre offentlege funksjonar for innbyggjarane som er spesielt utsett for konflikt ved store turiststraumar, slik som skule, barnehage og sjukeheim. Dette er stader kor ein ønskjer privatliv og kor det ikkje er ønskjeleg med mykje trafikk, i form av både køyretøy og fotgjengarar.

Kommunen vurderer at det er naudsynt med ein avgiftsstrategi, både for å unngå store sprang i turistvekst og for å kunne finansiere naudsynt infrastruktur for turisme. Dette er eit kontroversielt tema og ein må derfor vurdere dette nærare. I tillegg vil ein vurdere å sette i verk ulike tiltak for trafikkregulering i pressperiodar.

Det vil ikkje vere mogleg å oppgradere all infrastruktur i kommunen i kommande planperiode. Kartlegging av kor problema og konfliktane oppstår vil også vere naudsynt bakgrunnsmateriale for å kunne gå meir systematisk til verks når det gjeld prioriteringar av tiltak, både for vedlikehald og nyinvesteringar i infrastruktur. Ein vil i samband med ei slik kartlegging også vurdere moglegheita for å forlengje driftskontraktar med aktuell vegeigar slik at utsiktspunkt, rasteplassar og toalett vert drifta heile året, og dermed betre kan legge til rette for heilårsturisme.

Strategiar:

1. Vurdere innføring av ulike avgifter for å kunne finansiere naudsynte tiltak for å handtere turismen, med særleg fokus på utfordringane i Geiranger
2. Marknadsføre lokale butikkar, spisestader og opplevingar betre for å auke verdiskapinga lokalt
3. Kartleggje dei mest utsette stadene for trengsel for å kunne prioritere tiltak som toalett, trygge utsiktsposter og parkering
4. Utreie trafikkregulerande tiltak i pressperiodar og vurdere iverksetting
5. Vedlikehalde og etablere naudsynt infrastruktur som er dimensjonert for turistsesongen
6. Vurdere forlenging av driftskontraktar med aktuell vegeigar til å gjelde heile året for utsiktspunkt, rasteplassar og toalett
7. Utreie løysingar for effektiv og berekraftig renovasjonsløysing i turistsesongen, og vurdere innføring av tiltak

Føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

Fleire av måla og strategiane ovanfor legg føringar for kva som skal følgjast opp i utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel. Dei mest sentrale føringane er lista opp under.

I utarbeidinga av arealdelen skal kommunen:

- ... vurdere eigna område for vidare utvikling av fritidsbustader
- ... vurdere rekkefølgekrav om infrastruktur i utsette område før vidare utvikling

4. Kjelder

FHI (Folkehelseinstituttet), 2017. Folkehelseprofil Stranda kommune. Tilgjengeleg frå: <https://www.fhi.no/hn/helse/folkehelseprofil/> [henta 8.5.2018].

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2015. Kommunebilde Stranda kommune. Eit grunnlagsdokument for dialog mellom Stranda kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 15.3.2015.

Menon Economics, 2017. Analyse av reiselivet i Møre og Romsdal. Menon-publikasjon 50A/2017.

Miljøverndepartementet. Veileder: Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 2015. Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 2016. Statusrapportering for reiselivsnæringa Møre og Romsdal 2016.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 2018. Kommunestatistikk, Stranda kommune 2018. Tilgjengeleg frå: <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk> [henta 12.11.2018].

Stranda kommune, 2015. ROS-analyse.

Stranda kommune, 2016. Planstrategi.

Stranda kommune, 2017. Årsmelding.